



**Notat**

Dato: 11.05.2018

Arkivsak: 2016/4239-56

Saksbehandlar: ROABREI

---

Til: Fylkesrådmannen

---

Frå: Roald Breistein

---

**Partsbrev - Årsrekneskap og årsmelding for 2017 for Hordaland fylkeskommune -  
Uttale frå kontrollutvalet**

Vedlagt følgjer partsbrev, uttale frå kontrollutvalet og revisjonsrapport Hordaland fylkeskommune 2017 frå sak PS 30/18 Årsrekneskap og årsmelding for 2017 for Hordaland fylkeskommune – Uttale frå kontrollutvalet som vart handsama i møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 07.05.2018.

**Påskrift frå sekretariatet:**

Partsbrevet, uttalen frå kontrollutvalet og revisjonsrapporten skal følgje sak førebudd av fylkesrådmannen til fylkestinget i juni via fylkesutvalet 31.05.2018.

Kopi til:

ØKONOMI - OG ORGANISASJONSAVDELINGA

Arkivnr: 2016/4239-49  
 Saksbehandlar: Roald Breistein

### **Saksframlegg**

#### **Saksgang**

Utvål	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	30/18	07.05.2018

#### **Årsrekneskap og årsmelding for 2017 for Hordaland fylkeskommune - Uttale frå kontrollutvalet**

##### **Bakgrunn for saka:**

Kontrollutvalet skal gje uttale til årsrekneskapen, jf. "Forskrift om årsrekneskap og årsberetning". Fylkesrådmannen si årsmelding skal følgja som sakstilfang til saka, og det skal merkast om det er vesentlege avvik mellom årsmeldinga og årsrekneskapen.

Det er så fylkesutvalet som innstiller overfor fylkestinget, i saka om rekneskapen. Fylkestinget skal handsama både årsrekneskap og årsmelding i same møte. Dette følger av kommunelova §48, jf. "Forskrift om årsregnskap og årsberetning" §10.

##### **Drøfting:**


Årsrekneskapen er lagt fram av fylkesrådmannen, og består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversiktar og noteopplysningar.

Fylkeskommunen sin revisor, Deloitte, har lagt fram revisjonsmelding. Her er medteke at driftsrekneskapen viser kr. 5 608 663 000 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 107 085 000. Det kjem ikkje fram spesielle forhold som blir omtala i revisjonsmeldinga, og den vert å sjå på som "ei rein" revisjonsmelding.

Vi fekk også kopi av revisjonsrapport 2017 nr. 19 frå Deloitte til fylkeskommunen. Denne revisjonsrapporten inngår også som ein del av sakshandsaminga til rekneskapssaka i kontrollutvalet. Revisjonsrapporten beskrev resultatet av ei kartlegging og vurdering av dei viktigaste kontroll- og rekneskapsrutinane i fylkeskommunen, for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa. På bakgrunn av denne gjennomgangen har Deloitte gjeve ein del tilrådingar til fylkeskommunen på forhold som bør og kan betrast. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet oppmoder fylkeskommunen om å prioritere å sette fokus på desse forbettingsområda.

Av rekneskapen for 2017 har sekretariatet merka seg at netto driftsrekneskap er positivt med kr. 174,1 mill dvs. netto resultatgrad på 1,96 % (Sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnitt for alle fylkeskommunane i Noreg (utanom Oslo) ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad på 4,3 % i 2017. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 3 prosent fram til 2014 for å ha ei forsvarleg økonomisk drift. Frå 2014 er dette talet oppjustert til 4,0 %.

For Hordaland fylkeskommune har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2013 (+ 6,62 %), 2014 (+ 0,66 %), 2015 (+ 2,07 %), 2016 ( + 2,88 %) og 2017 ( + 1,96 %), sjå graf nedanfor. Som vi ser av desse tala har fylkeskommunen eit resultat som i 2017 er monaleg lågare enn både tilrådinga frå TBU og snittet i fylkeskommunane. Dette var og tilfelle i 2015 og 2016. Netto driftsresultat viser kva ein har att etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Driftsresultatet påverkar i stor grad fylkeskommunen sin handlefridom og evne til å tåle svingingar i økonomien.



Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015) Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning. Her er det undersøkt saman hengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Hordaland fylkeskommune har ei lånegjeld tilsvarande 113,4 % av sum driftsinntekter, altså monaleg høgare enn tilrådinga frå Riksrevisjonen. Talet har også auka frå 2014, då det var 96 %, 2015, då det var 101,6 % og 2016 då det var 109,2 %. Tilsvarande er disposisjonsfondet på 2,48 % av driftsinntektene. Dette er ein nedgang frå 2,81 % i 2015 men ein liten oppgang frå 2,31 % i 2016. Riksrevisjonen tilrår her minst 5 %. Totalt sett har Hordaland fylkeskommune særskilt høg lånegjeld, relativt svakt driftsresultat for 2017 og eit disposisjonsfond som også er lågt. Det vert tilrådd at kontrollutvalet i sin uttale omtalar dette.

Sekretariatet merkar seg m.a. følgjande frå fylkesrådmannen sin uttale i årsmeldinga:

*«Hordaland fylkeskommune er ein organisasjon i kontinuerleg utvikling. Også 2017 har vore prega av endring og omstilling. Strammare økonomiske føresetnader, rask teknologisk utvikling og nye eksterne rammevilkår utfordrar evna til å tenke nytt og stadig effektivisere drifta vår. Positivt rekneskapsresultat, redusert sjukefråvær og høg jobbtrivsel vitnar difor om ein robust organisasjon med god endringskapasitet og god fart framover.*

*Sjølvårsrekneskapen viser eit overskot på 107 mill. kr. Det positive resultatet skuldast hovudsakeleg stram og god økonomistyring. Det har gjennom fleire år vore arbeidd systematisk med å snu den underliggende negative driftsutviklinga og resultatet for 2017 viser at vi er på god veg. Særleg gledeleg er det at både opplærings- og samferdselssektoren, som til saman står for rundt 80 prosent av drifta, no leverer positive resultat.*

*Innan samferdselssektoren var det også dette året vekst i passasjertalet. Dette viser at den sterke kollektivsatsinga vi har hatt dei siste åra, gjev resultat. Å få fleire til å reise kollektivt er også eit viktig miljøtiltak. Dei neste åra tek fylkeskommunen ytterlegare krafttak for klima og miljø både gjennom vidare utbygging av Bybanen til Fyllingsdalen og ved at nye elektriske ferjer vert sette i drift. Det grøne skiftet er likevel ikkje gratis: Dei nye ferjekontraktane medfører sterke auke i både drifts- og investeringskostnadene. Inntektsveksten fylkeskommunen kan rekne med i åra framover, vil langt frå vere tilstrekkeleg til å makte dette løftet. Knappe økonomiske rammer gjer at vi må prioritere endå tydelegare.»*

*«Som følgje av høge investeringar har fylkeskommunen si lånegjeld auka kraftig gjennom mange år. Ved siste årsskifte hadde gjelda passert 10,6 mrd. kr. Netto gjeldsgrad utgjorde ved årsskifte 113,4 % av driftsinntektene, mot 109,2 % eit år tidlegare. Riksrevisjonen har nytta 75 % som ei grense for når gjelda er i ferd med å bli faretruande høg.»*

*«Auken i utgiftene til renter og avdrag er ei av dei største økonomiske utfordringane som fylkeskommunen står overfor. Ein svært stor del av inntektsveksten går med til å dekke aukande kapitalutgifter. Om rentenivået skulle begynne å stige, vil det bli nødvendig med kutt i driftsutgiftene.»*

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til fylkeskommunen sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagd årsrekneskap, årsmelding frå administrasjonen, revisjonsmeldinga og revisjonsrapport frå revisor. Kontrollutvalet tek sjølv stilling til kva forhold som skal omtalast i uttalen. Det vil vera naturleg å ta med spesielle forhold som blir omtala i revisjonsmeldinga og eventuelle revisjonsrapportar og nummererte brev. Dessutan samanhengen mellom netto driftsresultat, langsiktig lånegjeld og ubunde disposisjonsfond. Uttalen skal sendast til fylkestinget, med kopi til fylkesutvalet.

Fylkesrådmann har lagt fram ei god årsmelding, som gjev ei god skildring av drifta av fylkeskommunen i 2017. Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med Kommuneloven § 48 nr. 5, som lyder:

*«I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunens eller fylkeskommunens økonomiske stilling og resultatet av virksomheten, som ikke fremgår av årsregnskapet, samt om andre forhold av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten. Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillings- og diskrimineringsloven, samt for å fremme formålene i likestillings- og diskrimineringsloven når det gjelder etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsettelse, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.»*

Sekretariatet har merka seg at «å sikre betryggende kontroll (internkontroll)», «etikk», «likestilling» og «diskriminering» er omtala på ein god måte i årsmeldinga for 2017.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet denne gongen innarbeider følgjande i uttalen sin:

- rekneskapsmessig mindre forbruk
- netto driftsresultat
- låneopptak og ubundne disposisjonsfond
- talmateriale og uttale frå revisjonsmeldinga og revisjonsrapport.

### **Konklusjon:**

Sekretariatet meiner at kontrollutvalet bør tilrå at fylkeskommunen prioriterer å sette fokus på forbettingsområda som kjem fram av revisjonsrapport 2017 nr. 19 frå Deloitte. Utvalet bør vidare be fylkesrådmannen kome i møte i kontrollutvalet 24.09.2018 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve desse forbettingspunktta.

Vidare bør kontrollutvalet i sin uttale peike på at dei for fjerde år på rad er uroa over at Hordaland fylkeskommune si lånegjeld har auka og ligg monaleg over Riksrevisjonen si tilråding. Den er 113,4 % ift. driftsinntektene, medan det er tilrådd å ligga under 75 %. Disposisjonsfondet er også noko lågt.

Samstundes har fylkeskommunen eit driftsresultat som også for 2017 ligg under tilrådinga frå TBU og godt under snitt for fylkeskommunar, trass i at same årsresultatet målt i kroner synest vera rimeleg bra.

Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga er to sjølvstendige dokument, som følgjer saka vidare via fylkesutvalet til fylkestinget.

Årsrekneskap 2017 for Hordaland fylkeskommune og Årsmelding 2017 for Hordaland fylkeskommune er også send i posten til dei møtande medlemmene i kontrollutvalet.

### **Forslag til uttale**

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen kome i møte i utvalet 24.09.2017 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbettingsområda som kjem fram av revisjonsrapport 2017 nr. 19 frå Deloitte.
2. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Hordaland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2017.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 07.05.2018**

#### **Handsaming i møte**

Fylkesrådmann, Rune Haugsdal, og fylkesdirektør organisasjon og økonomi, Ingrid Holm Svendsen, presenterte årsrekneskapen for 2017 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Partner i Deloitte, Bjarne Ryland, og rekneskapsrevisor i Deloitte, Espen Hordvik, presenterte resultatet av den gjennomførte revisjonen av fylkesrekneskapen for 2017 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

**Inge Reidar Kallevåg (H)** kom med forslag om at desse punkta bør vera med i uttalen frå kontrollutvalet:

1. Kontrollutvalet er uroa over at fylkeskommunen si lånegjeld framleis aukar og utgjer ved utgangen av 2017 113,4 % av fylkeskommunen sine årlege driftsinntekter.
2. Kontrollutvalet meiner denne utviklinga ikkje kan halda fram og ser derfor positivt på at ein har trappa opp innbetalinga av avdrag for å bremsa denne gjeldsveksten.

3. Kontrollutvalet er og uroa over at netto driftsresultat i 2017 vart på 2% medan måltalet for fylkeskommunane bør vera på minst 4%. Kontrollutvalet har og merka seg at i 9 av dei siste 10 driftsåra så er netto driftsresultat i Hordaland lågare enn gjennomsnittet av dei andre fylkeskommunane.
4. Kontrollutvalet har vidare merka seg at administrasjonen har sett i verk fleire prosessar som truleg vil bidra positivt.
5. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen kome i møte i utvalet 24.09.2018 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbettingsområda som kjem fram av revisjonsrapport 2017 nr. 19 frå Deloitte.

Med desse endingane i uttalen vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

**Vedtak**

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen kome i møte i utvalet 24.09.2017 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbettingsområda som kjem fram av revisjonsrapport 2017 nr. 19 frå Deloitte.
2. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale, med dei endingane som kom fram i møtet, om Hordaland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2017.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

**Vedlegg**

- 1 Årsrekneskap 2017 for Hordaland fylkeskommune
- 2 Årsmelding for 2017 for Hordaland fylkeskommune
- 3 Revisjonsberetning Hordaland fylkeskommune 2017
- 4 Revisjonsrapport Hordaland fylkeskommune 2017
- 5 Uttale frå kontrollutvalet på årsrekneskap 2017 for Hordaland fylkeskommune